

## **Eit skifte i kommunikasjonen kring helsepolitikken? Ein studie av samanhengen mellom reformer og kommunikasjonspraksisar i sjukehussektoren.**

Svein Ivar Angell og Haldor Byrkjeflot

Studien tek utgangspunkt i det aktuelle ordskiftet om vilkåra som tilsette i norske helseføretak har for å ytra seg i media om interne tilhøve i sjukehusinstitusjonane. Vi argumenterer for at problematikken kring sjukehusstilsette sin ytringsfridom må sjåast i samanheng med framveksten av nye organisasjonsformer og -kulturar i helsevesenet. Vi trur at ideala for god kommunikasjon og også kommunikasjonspraksisen har vorte endra i tråd med reformene i sektoren dei siste åra. Vilkåra for institusjonane sin legitimitet i samfunnet rundt har endra seg. I dag er det sentralt for dei enkelte sjukehusinstitusjonane å framstå med eigenidentitet. Dette gjev nye rammer både for den interne og eksterne kommunikasjonen. Det har vorte viktigare å kontrollera kommunikasjonspraksisen på institusjonsnivået.

Dei overordna spørsmåla som vert drøfta i studien er kva som karakteriserer kommunikasjonspraksisen i sjukehussektoren i dag: I kva grad har det skjedd endringar i kommunikasjonsordninga i sektoren som i praksis set nye grenser for dei tilsette sine ytringspraksis og kommunikasjonspraksis? Kva kan forklara denne utviklinga?

Studien vert publisert i løpet av våren 2006. Han vert gjennomført i regi av to prosjekt ved Rokkansenteret: "Autonomy, Transparency and Management, three reform programs in health care: a comparative project", prosjektleiar Haldor Byrkjeflot, oppdragsgjevar NFR og "Ytringsfridom for sjukehusstilsette", prosjektleiar Svein Ivar Angell, oppdragsgjevar Institusjonen Fritt Ord